

Handlingsplan 2026



Innleiing

Handlingsplanen for 2026 konkretiserer korleis Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal skal følgje opp den strategiske planen for 2025–2028. Planen viser dei viktigaste tiltaka regionen skal arbeide med det komande året, og gir ei felles retning for kommunane i arbeidet med å styrkje tenester, utvikle lokalsamfunn og sikre berekraftig vekst.

I år er handlingsplanen utforma som ei matrise for å gi betre oversikt over mål, ansvar og aktivitetar innanfor kvar satsing. Dette skal gjere planen meir operasjonell og enklare å bruke både politisk og administrativt.

Nord-Gudbrandsdal står overfor store moglegheiter – men òg utfordringar. Vi treng god og relevant kompetanse, trygge og framtidsretta kommunikasjonar, eit livskraftig næringsliv og lokalsamfunn som er attraktive for både innbyggjarar og tilflyttarar. Arbeidet er avhengig av tett samarbeid mellom kommunane, politiske organ, næringsliv, frivilligheit, utdanningsmiljø og regionale partnarar.

Handlingsplanen synleggjer korleis kommunane gjennom IPR skal jobbe vidare med felles utviklingsoppgåver og styrkje regionen som ein tydeleg, samla og handlekraftig aktør. Den er eit styringsverktøy som skal følgjast opp gjennom året i regionstyret, representantskapet og i det løpande samordningsarbeidet.

Målet er at planen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å omsette strategiske ambisjonar til konkrete resultat – til beste for innbyggjarane i heile Nord-Gudbrandsdal.

Innhold

Satsingsområder	4
1. Utdanning og kompetanse	4
2. Kommunikasjon og infrastruktur	6
3. Næringsliv.....	8
4. Attraktivitet og livskvalitet	10

Satsingsområder

1. Utdanning og kompetanse

For å sikre framtidig berekraft i regionen må Nord-Gudbrandsdal ha tilgang på rett kompetanse, og evne til å utvikle den vidare. Dette satsingsområdet løftar fram kor viktig det er å styrkje samanhengen mellom utdanning, praksis og arbeidsliv, og å rekruttere og behalde fagfolk i regionen. Gjennom lærlingeordninga, praksiskoordinering, målretta rekruttering og ein ny kompetanse- og innovasjonshub skal regionen bygge eit sterkare kompetanseøkosystem som gjer det attraktivt å lære, jobbe og bu her.

TILTAK	MÅL
Bruke lærlingeordninga som eit strategisk verkemiddel for rekruttering og kompetanseutvikling i regionen.	Bidra til at alle kommunane tilbyr relevante læreplassar.
Videreføre prosjekt pilot praksiskontor (praksiskoordinator) Koordinere praksis, bindeledd mellom kommune og utdanningsinstitusjoner	Rekruttere og behalde kompetanse
Gjennomføre og videreutvikle karrieredagen 4. februar 2026. Gjennom synleggjering av regionale tilbod og målretta omdømmearbeid. Gjennomføre turné på utdanningsinstitusjoner i samarbeid med Gudbrandsdal næringsforening og IPR Midt-Gudbrandsdal.	Auke attraktiviteten for kompetansesarbeidarar og tilflyttarar.
Kartleggje behovet og moglegheita for eit studiesenter/høgskolesenter som møteplass for samskaping, kunnskapsdeling og kompetansebygging på tvers av sektorar. I samarbeid med fylkeskommunen, karrieresenteret, utdanningsinstitusjonar og næringsliv skal ein vurdere korleis fleksible utdanningsløp kan utviklast for å møte regionale kompetansebehov i offentleg og privat sektor.	Styrke samarbeidet om kompetanseutvikling og vidareutdanning.
IPR vil leggje til rette for samarbeid, pilotprosjekt og bruk av ny teknologi – med særleg vekt på inkluderande tilgang til digitale tenester gjennom organiseringa av Smart Velferdsregion.	Støtte digital transformasjon og styrke digital kompetanse



2. Kommunikasjon og infrastruktur

Gode kommunikasjonslinjer og robust infrastruktur er ein føresetnad for utvikling, beredskap og busetnad i Nord-Gudbrandsdal. Dette området handlar om å påverke for betre vegstandard, styrkje kollektivtilbodet, legge til rette for grøn og framtidsretta transport, og sikre fullgod digital infrastruktur i heile regionen. Samstundes skal IPR bidra til betre samordning, drift og beredskap slik at kommunane står sterkare i møte med framtidens krav.

TILTAK	MÅL
<p>Samordne og løfte fram regionale prioriteringar for utbetring av E6, RV15, E136 og fylkesvegane FV29, FV51 og FV55 i dialog med Statens vegvesen og Innlandet fylkeskommune.</p> <p>Delta aktivt i høyringar, politiske prosessar og planarbeid for å påverke investeringar og standardheving på vegnettet.</p> <p>Samarbeide med kommunane om innspel til Nasjonal transportplan og fylkeskommunale samferdselsprioriteringar.</p>	<p>Arbeide for betre vegstandard og auka trafikksikkerheit på hovudårer og lokalveggar.</p>
<p>Samordne kommunane sine behov og prioritere innspel til Innlandet fylkeskommune for betre bussruter, fleire togavgangar og meir heilskaplege transportløyningar i distrikta.</p> <p>Arbeide for grøn mobilitet gjennom tiltak som betre overgang mellom buss og tog, tilrettelegging for sykkel og ladepunkt ved kollektivknutepunkt.</p> <p>Utarbeide ei regional oversikt over utfordringar og moglegheiter i dagens kollektiv- og jernbanetilbod for målretta påverknadsarbeid og dialog med nasjonale aktørar</p>	<p>Styrke kollektivtransport og jernbanetilbod i regionen.</p>

TILTAK	MÅL
<p>Samarbeide med næringsliv, fylkeskommune og eksterne aktørar om moglegheiter for utsleppsfrie og lågutsleppsbasede energiløysingar, som biogass, hydrogen og andre framveksande teknologiar.</p> <p>Følgje opp og vurdere pilotar for nye teknologiar som dronar og elektriske fly.</p>	<p>Støtte opp om etablering av fleire ladestasjonar og grønne transporttiltak.</p>
<p>Samordne kommunane sine behov og lage ei felles prioriteringsliste for utbygging av digital infrastruktur.</p>	<p>Støtte god digital infrastruktur og mobildekning i heile regionen slik at både innbyggjarar og verksemder har tilgang til stabile og framtidsretta digitale tenester.</p>
<p>Samordne kommunane sine behov og lage ei felles prioriteringsliste for utbygging av digital infrastruktur.</p>	<p>Støtte god digital infrastruktur og mobildekning i heile regionen slik at både innbyggjarar og verksemder har tilgang til stabile og framtidsretta digitale tenester.</p>
<p>Gjennomføre regionalt beredskapsråd</p> <p>Bidra til å styrke felles kompetanse</p>	<p>Understøtte arbeidet med sivil beredskap og samfunnstryggleik, inkludert støtte til felles risikovurderingar og kompetanseutvikling innan beredskap og krisehandtering.</p>

3. Næringsliv

Regionen treng eit variert og konkurransedyktig næringsliv for å sikre arbeidsplassar, verdiskaping og lokal utvikling. Dette satsingsområdet handlar om å leggje til rette for etablering og vekst, synleggjere dei regionale fortrinna og styrkje samarbeid mellom kommunar, næring og utdanningsaktørar. Gjennom felles profilering, tilrettelegging av areal og ressursar, innovasjonsarbeid og ordningar for unge arbeidstakarar skal Nord-Gudbrandsdal vere ein attraktiv region for både etablerarar og kompetansearbeidarar.

TILTAK	MÅL
<p>Bidra i søknadsprosessar til fylkeskommunale og statlege støtteordningar for næringsutvikling.</p> <p>Samordne aktiviteter med Gudbrandsdal næringsforening.</p> <p>Dagleg leiar deltek på arenaer der næringsaktørar er til stades.</p> <p>Starte arbeidet med ein felles strategi på næringsareal og energi.</p>	<p>Tilretteleggje for etablering og utvikling av næringsliv i heile regionen. Gjennom arealtilgang, føreseielege rammevilkår og felles oversikt over næringsareal, straum og andre ressursar</p>
<p>Synleggjere regionale fortrinn (arbeidsgjevaravgiftssone, energitilgang, naturverdier, livskvalitet, rekrutteringspotensial) gjennom målretta kampanjar</p> <p>Profilere regionen aktivt på konferansar, messer og møteplassar som t.d. Arendalsuka, næringskonferansar og rekrutteringsturne til utdanningsinstitusjoner.</p>	<p>Utvikle ein tydeleg regional profil som gjer Nord-Gudbrandsdal attraktiv for næringsetablering.</p>
<p>Arbeide for ei felles, regional arrangementsoversikt og styrkje koordinering mellom kultur, reiseliv og næringsliv der eksisterande digitale markedsføringskanalar blir benytta.</p> <p>Støtte pilotprosjekt som kan gi større ringverknader for lokal handel, matproduksjon og reiseliv.</p> <p>Aktivt synleggjere arrangement og opplevingar gjennom regionale kanalar og samarbeid med næringslivet.</p>	<p>Samarbeide om arrangement og verdiskaping som gir meir aktivitet og lengre opphald i regionen. Stimulere til lokal næringsvekst og auka tal besøkande gjennom fellestiltak i alle kommunar.</p>

TILTAK

Vidareutvikle Innolab og arbeidet med eit regionalt studiesenter som møteplass for bedrifter, kommunar og utdanningsaktørar.

Arrangere regionale innovasjonsdagar, workshopar og kompetanseheving innan utviklingsarbeid og teknologi.

Nytte dei etablerte verktøya og nettverka for å understøtte eit samla regionalt fokus.

MÅL

Støtte innovasjon, utvikling og nyskaping i etablerte og nye verksemdar.



4. Attraktivitet og livskvalitet

Nord-Gudbrandsdal skal vere ein region der folk har lyst til å bu, leve og engasjere seg. Dette området rettar seg mot utvikling av inkluderande møteplassar, gode bustadtilbod, sterke lokalsamfunn og aktivitetstilbod for alle aldersgrupper. Målet er å skape trivsel, bygge identitet og halde på – og tiltrekkje – innbyggjarar som bidreg til ein livskraftig region. Arbeidet inkluderer òg tiltak for å involvere deltidsinnbyggjarar og styrkje omdømmet til regionen.

TILTAK	MÅL
Videreføre og skalere Aktivitet i Mellomrommet. Støtte Ungdommens kultur mønstring (UKM) 2026 Gjennomføre regional ungdomsrådskonferanse høsten 2026. Gjennomføre elevbedriftsmesse Støtte ung i reiselivet Gjennomføre aktivitetar i "E æ aktiv e du?"	Understøtte inkluderande møteplassar og aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, med fokus på frivilligheit, idrett, kultur og lågterskeltilbod som styrkjer sosial deltaking.
Støtte utvikling av møteplassar som skapar kontakt mellom ulike aldersgrupper, kulturar og interesser som til dømes deltaking på Gudbrandsdal Pride.	Fremje ein kultur for openheit, rausheit og samarbeid, der alle kjenner seg velkomne, og nye innbyggjarar raskt vert inkluderte i lokalsamfunna.





Interkommunalt
politisk råd
Nord-Gudbrandsdal

www.nord-gudbrandsdal.no